

Fleire fornminne på Kjærland?

12.01.2014

Fylkeskommunen har ansvar for kulturminnevernet og dei har no svara på ei sak som vart sendt til fråsegn sist haust. Det gjeld ein søknad om nydyrking på Kjærland, nærare bestemt gardsnummer 130 og bruksnummer 2. I arkiva til fylkeskommunen finn ein at det er gjort funn før av automatisk freda kultuminne - gullfingerring og leirkar frå gravhaug. Det er også gjort ei rekkje funn på nabogardane.

Såleis kan det vera potensial for funn av andre automatisk freda funn i området - altså frå før reformasjonen.

Difor finn fylkeskommunen etter ei vurdering av det aktuelle arealet det naudsynt å gjennomføre ei synfaring før fråsegna kan gjevast - før det kan takast stilling til om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Ved synfaringa, som ikkje er beramma enno,, vil ein så ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering, Synfaringa vil skje så raskt som råd er

Av Ola Matti Mathisen